

Besteforeldrenes klimaaksjon i Troms. Årsmøte 26. Februar 2026 kl. 20 -21.

1. Årsmelding for 2025. Årsmøtet godkjente årsmeldinga.
2. Årsrekneskap for 2025. Årsmøtet godkjente årsrekneskapen. Geir Grenersen var revisor. Han sluttar no i vervet som revisor for BKA i Troms og lokallaget er svært takksam for innsatsen hans gjennom mange år.
3. Rávdnjemuotki/Finnheia: Årsmøtet behandla spørsmålet om BKA i Troms skal slutte seg til stemning av Kommunal- og distriktsdepartementet i Arctic Center-saka. Etter ein grundig diskusjon, der også erfaringane frå Naturvernforbundet vart trekt inn, gjorde årsmøtet dette vedtaket:

Vedtak:

Årsmøtet til Besteforeldrenes klimaaksjon i Troms 26.02.2026 vedtar å slutte seg til stemning av Kommunal- og distriktsdepartementet i Arctic Center- saka, saman med Natur og Ungdom Arktis, Naturvernforbundet i Tromsø og omegn, og Framtiden i våre hender nord.

Besteforeldreaksjonen bidrar med kr.15.000 til stemninga, under føresetnad av at vi står fritt til å avgjere om vi skal gå vidare til hovudforhandling i fall Staten skulle avvise omgjeringsbegjæringa.

Årsmøtet går inn for at organisasjonane i fellesskap lagar ein skriftleg samarbeidsavtale for denne prosessen, som omfattar både planlegging, organisering og utgiftene.

4. Valg av nytt styre.
Som ny styreleiar vart vald Inger Pauline Landsem.

Som styremedlemmer vart vald Synnøve des Bouvrie, Ingunn Elstad, Unni Kjellman, Ildri Olaisen. Som varamedlemmer til styret vart vald Grete Mathisen og Steinar Eliassen.

Som valkomite vart attvald Astrid Kvalvåg og Vigdis Nordahl.

Referent: Ingunn Elstad.